# Kostnadene til bønder aukar igjen

2023-04-26

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke videreformidles utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.



# Kostnadene til bønde

**Kostnadene til bønder går igjen opp viser prisindeks for innsatsfaktorar. Gjødsel drar ned prisveksten, men prisnivået ligg framleis skyhøgt.**

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

LANDBRUK

Etter fire månader på rad med nedgang, så viser indeksen for kostnadsveksten til bønder, Bondens prisindeks (BPI), igjen at kostnadene aukar.

Samla viser prisindeksen ein oppgang på 0,5 prosent frå februar til mars. Det er særleg diesel og straum som drar opp kostnadene siste månaden.

**Dobbel kostnadsvekst**

Prisnivået på sentrale innsatsfaktorar ligg nå samla sett litt over nivået på same tid i fjor, men er nær 35 prosent over nivået før prisane begynte å skyte til himmels mot slutten av 2020.

Det viser tala som er utarbeida av AgriAnalyse.

Prisveksten på innsatsfaktorane i jordbruket har dei siste vel to åra auka langt meir enn den generelle prisveksten i samfunnet.

Konsumprisindeksen (KPI), som ofte blir brukt som eit generelt mål på prisveksten i samfunnet, har i same tidsrom auka med 13,5 prosent.

Kostnadsveksten i jordbruket har dei siste åra dermed vore meir enn dobbel så høg som elles i samfunnet ifølgje tala frå AgriAnalyse.

**Store prisendringar**

Gjødsel og diesel er blant innsatsfaktorane som har dratt opp prisindeksen kraftig siste åra, men dei siste månadene har prisindeksen på desse varene stort sett peika nedover.

Prisen på kunstgjødsel og kalk held fram med å gå ned og er nå tilbake på nivå med prisane sommaren 2021.

Prisnivået på gjødsel har gått ned med 46 prosent sidan toppnivået, men prisnivået er likevel nær dobbelt så høgt som før den kraftige prisoppgangen starta rundt årsskiftet mellom 2020 og 2021.

På diesel har prisane auka med 4,4 prosent den siste månaden. Det kan ifølgje AgriAnalyse ha samanheng med importforbod frå Russland.

– Det er nærliggande å tru at EU-forbodet mot import av raffinerte petroleumsprodukt frå Russland, som tredde i kraft i starten av februar, har ført til prisoppgang på diesel den siste månaden, seier Anel Finci.

Han seier det er vanskeleg å vite utviklinga vidare, men at det er nærliggande å tru at dieselprisane kan halde fram å auke fram til EU-landa finn nye stader å importere diesel frå.

På kraftfôr har prisveksten flata litt ut siste månaden. Siste året viser prisindeksen ein auke på over 19 prosent på kraftfôr.

Prisane på kraftfôr starta for alvor å auke mot slutten av 2021. Sidan den tid har kraftfôrprisane auka med nær 30 prosent.

**– Usikker utvikling**

AgriAnalyse seier det ikkje er lett å vite kva retning kostnadsutviklinga vil gå framover, men Finci seier det kan vere indikasjon på ei utflating.




**PRISHOPP:** Kostnadsnivået på fleire innsatsfaktorar, som diesel, aukar igjen.

# er aukar igjen




FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

– Det kan sjå ut som prisane har flata litt meir ut. Iallfall ser vi ikkje så stor prisvekst som før, men kostnadsnivået er framleis veldig høgt, seier han.

Om kostnadsnivået etter kvart vil vende tilbake til nivået før krigen i Ukraina og pandemieffektane slo til for fullt seier han er vanskeleg å vite.

– Det er vanskeleg å seie, men det vil nok iallfall ta tid før kostnadene er tilbake på tidlegare nivå, seier Finci.

# 73 geiter døde da fjøsgulv kollapset

**73 geiter i et fjøs i Eidsdal i Fjord kommune på Sunnmøre døde da et fjøsgulv kollapset og mange dyr falt ned i en gjødselkjeller. Tre personer fikk helsehjelp.**

Brannvesenet opplyser på Twitter at 73 geiter av til sammen 250 dyr døde i hendelsen. Brannvesenet begynte da å bli ferdige med arbeidet på stedet.

Både veterinær og brannmannskaper fra Eidsdal og Geiranger ble sendt til stedet. Svært mange har druknet og er døde, fortalte operasjonsleder Leif Arne Mork i Møre og Romsdal politidistrikt til NTB.

Brannvesenet opplyste litt senere at rundt 100 dyr befant seg i sikkerhet i geitefjøset. Det var da godt ventilert, og gjenlevende dyr ikke i videre fare.

Tre personer har fått helsehjelp, skriver Sunnmørsposten.

En person fikk pusteproblemer som følge av eksponering av gass i gjødselkjelleren. Det ble derfor tilkalt luftambulanse til stedet. Ytterlige to personer ble sendt til legevakt etter å ha fått i seg gass.

Skadegraden er ikke kjent.

Også en politipatrulje ble sendt til stedet.

– Vi skal snakke med bonden, og så får vi ta en vurdering på om dette blir en politisak, sier Mork. ©NTB



Mange laksebestander i Norge er truet eller har gått tapt, men fortsatt fins det elver hvor det lovlige fisket kan foregå som før.
FOTO: TERJE BENDIKSBY / NTB

# Grovere lovbrudd innen laksefiske

**Det foregår mindre ulovlige laksefiske her i landet, med unntak for Vestland og Nordland. Lovbruddene som begås, er grovere enn før, opplyser Miljødirektoratet.**

Nå skal myndighetene trappe opp overvåkingen i disse to fylkene for å bekjempe det ulovlige fisket.

– Feltpersonellet vårt i Statens naturoppsyn (SNO) ser at det er flere alvorlige brudd enn tidligere. Garnlenkene som benyttes, er både lengre og har større maskevidde enn tidligere. Dette er redskap som er egnet til å fange store mengder fisk på kort tid, sier miljødirektør Ellen Hambro i en pressemelding.

Hun sier noen av tilfellene SNO har avdekket, kan tyde på at det er økonomisk motivert fiske.

I 2022 ble det ilagt 27 overtredelsesgebyrer. De mer alvorlige tilfellene ble anmeldt til politiet.

Mange laksebestander i Norge er truet eller har gått tapt. Ulovlig fiske kommer på toppen av andre kjente trusler, som sykdom og fremmede arter.

Det kommer mange tips om ulovlig fiske, og Hambro ber folk fortsette å si fra enten til politiet eller miljømyndighetene.

Hambro er glad for at antall lovbrudd totalt sett har gått ned.

– Spesielt ser vi at tiltakene i Troms har hatt god effekt med en betydelig nedgang i ulovligheter de siste årene, sier hun. ©NTB